

Den Store Styrkeprøva 23. september 2018

VEGVISAR

Ei lita orientering til dei som ikkje kjenner traseen. Turmarsjen går over fjellryggane frå Eiksund til Alskleiva og Korshamna.

Traseen går opp frå krysset med "gamlevegen" ovanfor ferjekaia i Eiksund og inn i skogen og svingar seg opp gjennom denne til over tregrensa. Herifrå vidare i jamn høgde nordaustover til kanten mot Eiksundseterdalen. Her går det relativt bratt ned mot fjelldalen, forbi selet der. Traseen er merka vidare fram Eiksundseterdalen og vidare opp ryggen mot Kongsvollen (mange skråar lia tidleg og kjem opp til utløpet av Laupsvatnet og går på utsida av dette og opp langs fjellkanten til Kongsvollen. Dette er den mest spektakulære traseen.

* NB: Enkelte går via Blåtinden. Dei tek då tidleg av til venstre når råsa i retning Eiksundseterdalen flatar ut (sjå merking). Frå toppen av Blåtinden fører råsa deg ned forbi Hundelaupsvatnet og opp ryggen til Kongsvollen.

Frå Kongsvollen går ein så ned dei luftige Bukketroppene og vidare på ryggen ned til Kvamstua der råsa går ned på nordsida av "tua", rundar denne for så å ende nede i Alskleiva. NB: Nedturen her kan vere ganske sleip.

Mange avsluttar marsjen i Alskleiva, andre går vidare det siste strekket opp på Ulsettua og over ryggane mot Åsen. Herifrå er det grei vandring på Åsevegen ut til Korshamna.

Tidsbruken varierer alt etter tempo, men vel tre timar Eiksund-Alskleiva må påreknast. Eiksund-Korshamna: ca to timar.

Hareid IL - TRIM - God tur!